

Saksbehandlar: Frode Hovland, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/17-1

## **Nye akvakulturoppgåver i samband med regionsreforma på Vestlandet**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gjere gje slik tilråding:  
Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Akvakulturnæringa er ei viktig næring på Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte, meiner fylkesutvalet i Sogn og Fjordane at det er trong for auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltinga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing.
2. På denne bakgrunn vil Sogn og Fjordane fylkeskommune at Vestlandet skal tilførast fleire akvakulturoppgåver frå regional stat.
3. Saka om nye akvakulturoppgåver vert å sende til regjeringa ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og Fiskeridepartementet.

---

### **Saksframstilling**

---

#### **Samandrag**

Akvakulturnæringa er ei viktig næring for Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg vidare på ein berekraftig måte, er det viktig med ei samla akvakulturforvalting under regional leiing. Fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ynskjer å etablere ei heilskapleg og effektiv forvalting som sikrar ei lønsam og berekraftig akvakulturnæring. Fylka vil arbeide med å få overført fleire forvaltningsoppgåver innan akvakultur. Tildelingsmynde bør ligge til regionalt nivå.

Følgjande forvaltningsoppgåver innan akvakultur kan tilførast nye regioner:

- Forureiningslova og vurderingar etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiske-interesser, og naturmangfaldlova,
- Vassressurslova,
- Konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd,
- Dyrking av makroalgar,
- Hamne- og farvasslova,
- Ansvar for offentleg høyring,
- Akvakulturlova; Søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. Dispensasjon frå tildelingsforskriftene. Tildeling av ny produksjonskapasitet.

Måla i samband med regionreforma på Vestlandet er:

- Auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltinga til beste for naturmangfaldet, lokalsamfunna og næringa
- Utvikling av eit heilskapleg forvaltningsregime ved å samle dei regionale forvaltningsoppgåvene på vestlandet
- Styrke regionen som ein god samfunnsutviklar

#### **Bakgrunn**

Det har over lengre tid vore etablert eit tett og godt samarbeid mellom fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane innan for akvakulturforvaltinga.

I Meld. St. 22 (2015-2016) om nye folkevalde regionar, har Nærings- og fiskeridepartementet gjort vurderingar av den fylkeskommunale akvakulturforvaltinga i kapittel 7.3.4 og her står det m.a.:

*«Nærings- og fiskeridepartementet ser at større folkevalgte regioner vil gi grunnlag for å skape sterkere og bredere fagmiljøer med større kapasitet enn dagens fylkeskommune har. Større regioner vil også legge til rette for at større områder kan ses i sammenheng. I tillegg vil større folkevalgte regioner i større grad enn i dag sammenfalle med Fiskeridirektoratets fem regioner. Det vil legge til rette for et forenklet og forbedret samarbeid mellom direktoratet og de folkevalgte regionene. Departementet vil utrede om det kan være hensiktsmessig å delegere myndighet til større folkevalgte regioner fra de forskjellige sektormyndighetene i kurante saker i forbindelse med behandling av akvakultursøknader. En forutsetning for å videreføre oppgavefordelingen som ble innført med forvaltningsreformen er at regionene blir betydelig større enn i dag. Dersom regionene ikke blir betydelig større, vil oppgavene som fylkeskommunene ble tilført i 2010, bli flyttet tilbake til Fiskeridirektoratet.»*

Våren 2017 vil regjeringa legge fram ein proposisjon om nye oppgåver og roller.

Samstundes er det kjent at Nærings- og fiskeridepartementet har starta eit forenklingssjokk innan akvakulturforvaltning.

Det er etablert eit nasjonalt formelt samarbeid mellom dei største kystfylka, «Fylkeskommunenes Akvakultursamarbeid», forkorta FAKS. Her er det arbeid fram nokre forslag til oppgåver dei nye regionane kan få overført.

Med denne bakgrunnen ynskjer fylkesrådmannen å gje regjeringa innspel på oppgåver som er aktuelle for overføring. Saka er arbeid fram i eit samarbeid mellom administrasjonen i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane med siktemål om like vedtak i dei tre fylkesutvala.

### **Kvifor bør regionane drive akvakulturforvaltning**

Fylka og framtidige regionar vil bli ein viktig samfunnsutviklar. Det vil seie at vi må syte for å kjenne utfordringane i regionen, og kommunane og næringslivet sine behov. Demokratisk forankring og folkevald styring er kjerneelement i denne rolla. Rolla krev at fylkeskommunen tek initiativ for å møte utfordringar og behov og ser utfordringane i samanheng.

Akvakulturnæringa er viktig for Sogn og Fjordane og heile Vestlandet. Det er store forventningar til medverknad for å utvikle næringa. Det er slik at dersom verkemiddel ikkje vert utvida, går vi glipp av den regionale meirverdien.

Regionen treng å få på plass ein heilskapleg regional politikk for akvakulturforvaltninga:

- for å fange opp dei regionale særtrekka på Vestlandet,
- som har aksept og truverdig hjå næringa og
- som kommunane ser seg tent med, og som samsvarer med deira mål.

Det regionale folkevalde nivået har sin spisskompetanse nettopp på desse områda. Regionale politikarar har tett kontakt med kommunane og næringa og kjenner fylket. FT har lang røynsle med å utforme ein regional politikk i nært samarbeid med næringsliv og andre offentlege etatar og mynde.

Nofima har nyleg kome med to rapportar som m.a. ser på fylkeskommunen som forvaltar i samband med tildeling og forvaltning.

#### NOFIMA skriv i sin rapport 29/2015:

«Avveining mellom kryssende hensyn og interesser bør ha regional forankring og bli styrt av direkte folkevalgte organer. For at et regionalt folkevalgt nivå skal kunne spille en sentral rolle som samfunnsutvikler, og ha virkemidler og beslutningsmyndighet til å ta avgjørelser til det beste for regionen som helhet, anbefales det endringer i forvaltningssystemet for akvakulturnæringen».

#### NOFIMA sin rapport 37/2016 kjem med denne anbefalinga:

«Det bør gjøres reformer i havbruksforvaltningen som innebærer en sterkere samordningsmyndighet, som gjør en samlet vurdering av om etablering av oppdrett skal tillates eller ikke. Samordningsmyndigheten bør få et overordnet ansvar i forhold til sektormyndighetene. Sektormyndighetene bør ikke ha vetorett. En større grad av samordning vil bidra til en mer helhetlig forvaltning, og forenkling av søknadsprosessen.»

I den same rapporten skriv NOFIMA:

*«Fylkeskommunen beskrives av flere informanter til å ha god kapasitet og god kompetanse, men det politiske spillerommet for en egen regional oppdrettspolitikk oppfattes til å være minimalt».*

Fylkeskommunen har i dag forvaltnings og ansvarsområde innan lokalsamfunnsutvikling, kystzone- og annan planlegging etter plan- og bygningslova, regionale forskingsfond, mobilisering til næringsretta forskning, store søkbare midlar for innovasjon i næringa, vidaregåande opplæring, fagopplæring innan akvakultur, samferdsel med fleire. Alle desse er særskilte relevante og står opp under akvakulturutviklinga slik formålet i Akvakulturlova klart slår fast at «Lova skal fremje akvakulturnæringa si lønnssemi og konkurransekraft innanfor rammene av ein bærekraftig utvikling, og bidra til verdiskaping på kysten».

Det er i ein folkevalt samanheng regional berekraftig forvaltning av akvakultur høyrer heime, i ein region som kjenner kommunane. Det er i ein ansvarleg politisk samanheng ein kan få sett akseptable regionale grenser både for vekst og vern. Å sette grenser for menneskeleg påverknad av natur er ei grunnleggjande politisk oppgåve. At avgjerd skal være basert på eit solid naturfagleg avgjerdssystem er sjølv sagt.

God forvaltningspraksis kan vere å skilje dei organa som tildeler «eit gode» og dei som tek imot klage på tildelinga og drifta av det same «godet». Det er fordelar knytt til denne delte praksisen. Innan akvakultur er kontrollfunksjonane fragmentert og spreidd på minst tre organ, Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. I tillegg vert det faglege biologiske perspektivet ivareteke av m.a. Havforskningsinstituttet og andre kunnskapsmiljø. Det kan hentast ut rasjonaliseringsgevinstar ved at disse funksjonane vert samla eller meir koordinert.

For regionane handlar ikkje forvaltning av akvakultur primært om biologi, miljø eller økonomisk vekst. For oss handlar denne oppgåva om å utvikle regionen på ein mest mulig berekraftig måte. Det er her vi har potensiale for å ta ut reelle synergjar og samfunnsgevinstar.

Det vert i mange samanhengar hevda at forvaltninga av akvakulturnæringa er fragmentert fordi opptil 6 offentlege etatar er involvert i ein søknad om å få klarert eit areal for eit oppdrettsanlegg. Ei samling av vedtakskompetanse i regionene vil kunne endre på dette, utnytte ressursane betre, og ein vil kunne sjå sakene meir i samanheng. Dette vil vera lettare og meir oversiktleg for næringa. I dag er det slik at dersom eit selskap ønskjer å gjere endringar i lokalitetsstrukturen og vil diskutere planane med forvaltninga lyt dei møte på opptil 6 kontor.

Med bakgrunn i dette vil FU at det skal tilførast forvaltningsoppgåver innan akvakultur frå regional stat for å vere endå betre budd på framtida.

Vi gjer framlegg om overføring av oppgåvene i akvakulturforvaltninga innanfor gjeldande regelverk for tildeling av lokalitetar og akvakulturløyve. Det vil vere naturleg å samle/overføre mynde frå dagens sektorforvaltning.

Vidare bør ein få mynde som inkluderer dei større politiske tema knytt til vekst og vern. Døme på dette er meir inngrep i utarbeiding av dei nasjonale tildelingsforskriftene og utarbeiding av strategiar og arealplanar for akvakultur for å sikre dei bioøkonomiske næringsmåla.

St.meld.16 Forutsigbar og miljømessig vekst i norsk lakse- og aureoppdrett foreslår ein ny forvaltningsmodell for oppdrettsnæringa med innføring av miljøindikatorar, der kysten skal delast inn i produksjonsområde, eller geografiske område der miljøpåverknaden kan målast. For å imøtekomme dei varsla produksjonsområda, vil Rogaland og Vestlandet forvalte 2 heile soner og det meste av produksjonen i den sørlegaste sona.

Følgjande forvaltningsoppgåver innan akvakultur kan overførast til regional folkevalt nivå:

- Fylkesmannen si miljøvernavdeling handsamer søknader etter forureiningslova og vurderer dei etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.
- NVE handsamer/vurderer søknader etter Vassressurslova.
- Fiskeridirektoratet sine regionkontor vurderer søknader i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd.
- Nærings- og Fiskeridepartementet handsamer søknader om dyrking av makroalgar.
- Kystverket handsamer søknader etter hamne- og farvasslova.
- Sterkare føringar i samband med kommunal planlegging i sjø
- Fiskeridirektoratet nasjonalt. For desse vedtaka er NFD klageinstans. Det er uheldig. Fiskeridirektoratet handsamer søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. I tillegg må mynde til å gje dispensasjon frå tildelingsforskriftene delegerast til fylkeskommunane. Tildeling av ny produksjonskapasitet.

Det er fylkesrådmannen si oppfatning at dette vil kunne bidra til mindre tidsbruk og meir heilskapleg forvaltning. Dette vil føre til at tal sektorar som er involvert i saksbehandlinga blir vesentleg redusert, og muligheita til å ta avgjerder i eit heilskapsperspektiv blir større. I tillegg til overføring av mynde frå statlige etatar til regionalt folkevalt nivå, må det også overførast ressursar og kompetanse som i dag ligger til fylkesmennene, NVE og Fiskeridirektoratet.

Mattilsynets myndigheit etter matlova og dyrevelferdslova vil ein ikkje overføre i denne omgang.

#### **4. Konklusjon**

Akvakulturnæringa er ein av dei viktigaste næringane på Vestlandet. For at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte er det er trong for auka regionalt sjølvstyre i akvakulturforvaltninga og samling av forvaltingsoppgåver under regional leiing. På denne bakgrunn av dette bør det tilførast fleire akvakulturoppgåver frå regional stat.